



Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av  
spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og  
friluftsliv for Vestland fylkeskommune med  
handlingsprogram 2020-2024



## INNHALD

1. Innleiing .....	3
1.1. Anleggspolitikk.....	3
1.2. Statlege føringar .....	4
1.3. Regionreforma.....	5
2. Situasjonen i Vestland fylke .....	5
2.1. Generelle utviklingstrekk.....	5
2.2. Idrett .....	6
2.3. Friluftsliv .....	7
2.4. Anleggsutvikling.....	8
2.5. Nærmiljøanlegg .....	10
2.6. Ordinære anlegg.....	11
2.7. Finansieringsmodell.....	14
2.8. Planarbeid og kompetanse .....	15
3. Visjon og mål for anleggsutviklinga .....	16
3.1. Prinsipp for fylkeskommunen si rolle.....	16
4. Verkemiddel i anleggsutviklinga .....	16
4.1 Handlingsprogram for tiltak 2020-2024 .....	16
4.2. Bruk av spelemidlar i perioden 2020-2024 .....	17
4.3. Spelemiddeltildeling i 2020-2021 .....	17
4.4. Anleggspolitisk handlingsrom fylkeskommunen .....	17
4.5. Statlege føringar for den fylkeskommunale tildelinga .....	17
4.6. Fylkeskommunale kriterier for fordeling av spelemidlar.....	18
5. Handlingsprogram for tiltak i Vestland fylkeskommune 2020-2024.....	19
6. Litteratur/ referanser.....	23

# 1. Innleiing

Anleggspolitikken for Vestland fylkeskommune er presentert gjennom innleiande kapittel 1 og 2 med status, kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk, og vidare konkretisering av gjennomføring og tildelingkriterier i kapittel 3 og 4. Det er forsøkt å gje først ei fagleg skildring og deretter sette fokus på utfordringane for Vestland fylkeskommune. I kapittel 5 ligg eit handlingsprogram med 16 tiltak.

## 1.1. Anleggspolitikk

*Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest mennesker i fritiden. Det krever aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta disse interessene i arealforvaltningen, og for å få til en fornuftig tilrettelegging og organisering av de ulike aktivitetene. For å oppnå dette blir det stadig viktigere å utvikle gode planer som politiske styringsredskaper for utviklingen innenfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planene skal området bli gjenstand for klare behovsvurderinger i forhold til samfunnsmessige og idrettspolitiske mål.<sup>1</sup>*

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland. Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar og aktivitetar prega av lek. Idrett er aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Ulike aktivitetar utøvd i same anlegg/arena kan vere fysisk aktivitet, idrett eller friluftsliv, avhengig av intensitet eller motivasjon for aktiviteten. Døme på slike aktivitetar er å gå/springe, orientering, sykling, symjing, padling og klatring.

Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens behov. Tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning. Spelemiddelordninga bidreg til å realisere nasjonale mål for folkehelse, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Kulturdepartementet krev at fylkeskommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024 byggjer på vedteken politikk forankra i:

- Regional plan for kultur 2019-2027 for Sogn og Fjordane<sup>2</sup>
- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 for Hordaland<sup>3</sup>

I tillegg ligg statlege føringar og følgjande kunnskap til grunn:

- statistikk og utviklingstrekk i Vestland
- idrettsindeksen for Vestland 2017

---

<sup>1</sup> Kulturdepartementet, Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, 2014

<sup>2</sup> Kultur for alle Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

<sup>3</sup> Regional kulturplan for Hordaland 2015—2025

- Ungdata, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks
- innspelsundersøking frå kommunane januar 2019 og innspel på høyringsutkastet frå kommunar/regionsråd, regionale frivillige organisasjonar, idrettsråd og idrettslag. I handlingsprogrammet er det ulike tiltak som skal bidra til å realisere visjon som er sett for anleggsutviklinga for Vestland fylkeskommune.

Føremålet er å byggje dei "riktige" anlegga og at ressursar vert nytta meir målretta. Tilskot til gjennomføring må forankrast i økonomiplanar og årsbudsjett. Mange ulike aktørar har eit ansvar for å gjennomføre tiltaka for å kunne nå visjonen *fysisk aktiv kvar dag* i Vestland. Anleggspolitikken skal rullerast etter to år.

## 1.2. Statlege føringar

Lovverk og statlege meldingar er førande for det regionale arbeidet med anleggsutvikling. *Lov om pengespel*<sup>4</sup> fordeler overskotet frå Norsk Tipping med 64% til idrettsføremål, 18% til kulturføremål og 18% til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske forbund. Midlane vert fordelte av Kongen i Statsråd. Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Meir detaljerte føresegner er gitt i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet"<sup>5</sup> utgitt av Kulturdepartementet kvart år.

*Idrettsmeldinga, Den norske idrettsmodellen*<sup>6</sup>, held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er idrett og fysisk aktivitet for alle. Målet er å legge til rette for at alle som ønskjer det, skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv. Friluftsløva<sup>7</sup> skisserer kommunen, fylkeskommunen og Fylkesmannen sine arbeidsoppgåver med å fremje allmenne friluftssinteresser. (Meld. St. 18 (2015–2016)-note) *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet*, prioriterer friluftsliv i nærmiljøet og å auke kvardagsaktiviteten slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Regjeringa vedtok i 2018 ein Handlingsplan for friluftsliv<sup>8</sup> som konkretiserer, utfyller og gir nye tiltak og føringar i høve til stortingsmeldinga.

Folkehelsearbeidet skal i følgje *Folkehelselova*<sup>9</sup> fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar set i verk tiltak og samordnar folkehelsearbeidet. I Meld. St. 19 (2014-2015) *Folkehelsemeldingen — Mestring og muligheter*<sup>10</sup>- presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet, legge til rette for sunne helseval og skape moglegheiter for alle. Meld. St. 19 (2018-2019)<sup>11</sup> *Folkehelsemeldingen - Gode liv i eit trygt samfunn* - styrkar innsatsen på tre utvalde områder: tidleg innsats for barn og unge, førebygging av einsemd og mindre ulikskap i helse.

---

<sup>4</sup> Pengespellova. Lov om pengespill mv. av 28. august 1992 nr. 103 (siste endra 18.5.16)

<sup>5</sup> Kulturdepartementet, «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» (V-0732)

<sup>6</sup> Meld.St. nr. 26 (2011–2012) Den norske idrettsmodellen. Oslo: Kulturdepartementet, 2012

<sup>7</sup> Friluftsløva, Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16

<sup>8</sup> Handlingsplan for friluftsliv, Klima- og miljødepartementet, 2018

<sup>9</sup> Folkehelselova. Lov om folkehelsearbeid av 24. juni, 2011 nr. 29.

<sup>10</sup> Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen — Mestring og muligheter

<sup>11</sup> Meld. St. 19 (2018-2019) *Folkehelsemeldingen - Gode liv i eit trygt samfunn*

Meldinga framhevar frivilligheit og friluftsliv sin sentrale funksjon i folkehelsearbeidet, og set fokus på aktivitetsvenlege bu- og nærmiljø. Det skal leggjast fram ny handlingsplan for fysisk aktivitet våren 2019. Det skal skapast gode rammer for fleire leveår med god helse og auka livskvalitet i befolkninga.<sup>12</sup>

Vestland fylkeskommune skal også vere med på å oppfylle *FN sine bærekraftsmål*<sup>13</sup>. Dette gir viktige perspektiv og utfordringar i høve det å skape ei berekraftig anleggsutvikling både økonomisk, sosialt og miljømessig.

### 1.3. Regionreforma

Anleggspolitikken får ny aktualitet som følgje av dei pågåande offentlege reformene. Regionreforma skal styrke det regionale folkevalde nivået, slik at fylkeskommunane kan utøve ei tydelegare rolle som samfunnsutviklar. Større fylkeskommunar, desentralisering av statlege oppgåver og styrking av regional planlegging er dei sentrale elementa i reforma.[9] Fylkeskommunen skal m.a. gje strategisk retning i anleggsutviklinga, basert på fagleg kompetanse, regional og lokal kjennskap. I tillegg skal fylkeskommunen samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk og mobilisere aktørar med ulike ressursar. Gjennom politisk forankring, koordinering og samhandling skal ein sikre balanse mellom Bergen som storby, regionsenterkommunane, andre kommunar som er vertskap for høgskulemiljø - Sogndal, Førde og Stord, og dei andre store, mellomstore og små kommunane i Vestland fylke.

Gjennom Meld. St. 6 (2018–2019) - *Oppgaver til nye regioner*<sup>14</sup>, vil regjeringa styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar, m.a. skal dei få eit meir heilskapleg ansvar for friluftslivet, ved å overta oppgåver knytt til skjergardstenesta og statleg sikra friluftslivsområder. Meldinga varslar og ein gjennomgang av spelemiddelordninga, der endringane trer i kraft frå 2020. Regjeringa skal i løpet av denne perioden leggje fram ei eiga stortingsmelding om idrettspolitikk, som kan påverke innretninga av anleggspolitikken i Vestland fylkeskommune.<sup>15</sup>

## 2. Situasjonen i Vestland fylke

### 2.1. Generelle utviklingstrekk

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har ein eigenverdi som er knytt til oppleving av glede, meistring, fellesskap og ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Grunnlaget for god helse vert lagt tidleg i livet. Haldningar og

---

<sup>12</sup> Statsbudsjettet-2019, HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (HOD), Prop. 1 S, (2018–2019)

<sup>13</sup> FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030. <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

<sup>14</sup> Meld. St. 6 (2018–2019), Oppgaver til nye regioner, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

<sup>15</sup> Regjeringa sin politiske plattform av 17. januar 2019, Granavoldplattforma, kapittel 10 om Kultur, under frivilligheit og idrett

aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som vaksen. Ulikskap i inntekt aukar<sup>16</sup>, og det er eit aukande tal barn i låginnteksthushald. Dette fører til ei rekkje negative konsekvensar som vi kan sjå i Ungdata-undersøkingar<sup>17</sup>, levekårsundersøkingar<sup>18</sup> og folkehelseprofilane til kommunane. Døme på utfordringar er færre vener, fleire psykiske problem, mistrust på skulen, ikkje et frukost, ikkje aktiv i organisert aktivitet og utrygge i eige nabolag.

Folk med høg utdanning og høg inntekt er meir aktive enn dei med lite utdanning og låg løn. Tre fjerdedelar av befolkninga oppgjer at dei trenar eller driv fysisk aktivitet ein eller fleire gonger i løpet av ei veke. Ein av tre er fysisk aktiv minst 30 min per dag<sup>19</sup>. Den største utfordringa, og som gjev størst helsegevinst, er å få dei inaktive aktive. Hovudfokus er på befolkningsretta tiltak som når mange. Det er avgjerande at dei aktive og sunne vala er enkle å velje, og såleis redusere helseskilnaden mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn. Tilgjengelege tal og statistikk viser at situasjonen i Sogn og Fjordane og Hordaland er nokså lik resten av landet.

#### *Aktuelle utfordringar:*

Auka inaktivitet og overvekt i delar av befolkninga er ei stor utfordring for samfunnet. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert dei siste 20 åra, til dømes gjennom stillestittande jobbar, bruk av bil, og medie- og kommunikasjonsbruk. Helsedirektoratet rår til at barn og unge er fysisk aktive i minst 60 minuttar kvar dag i gjennomsnitt. Tre av ti vaksne oppfyller Helsedirektoratet si tilråding om å vere aktive minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet. Å sikre god tilgang på ulike typar anlegg kan vere med på å jamne ut ulikskap og utanforskap. For å lukkast med å auke kvardags- og fritidsaktivitetar er det naudsynt med samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, stat, helseføretak, høgskular, universitet, private og frivillige aktørar. Idrett og friluftsliv er arenaer der det kan vere plass til alle, med eit stort mangfald av former for aktivitetar. Idretts- og friluftorganisasjonane representerer eit lågterskeltilbod, og gir samstundes høve til utvikling og spesialisering. Dei er òg viktige arenaer for utvikling av inkluderande fellesskap og møtearenaer på tvers av generasjonar og sosiale og kulturelle skiljelinjer.

## 2.2. Idrett

Idrettsindeksen for Vestland 2017<sup>20</sup> syner at 32% av innbyggjarane over 6 år er aktive i idrett, og det tilsvarar landsgjennomsnittet. I Sogn og Fjordane og Hordaland er tala høvesvis 41 % og 30%. For ungdom, 13-19 år er aktivitetsandelen 70 % og landsgjennomsnittet er 59%. Ungdom har hatt nedgang i aktiviteten både for landet samla og i våre fylker. Vestland har særleg høg aktivitet innan vektløfting, styrkeløft og luftsport i

---

<sup>16</sup> Statistisk Sentralbyrå, «Utvikling i inntektsulikhet». 2018

<sup>17</sup> Ungdata-undersøkingar er ei nasjonal undersøking som sidan 2010 er gjennomført blant ungdom i 412 kommunar i Noreg. [www.ungdata.no](http://www.ungdata.no)

<sup>18</sup> Statistisk Sentralbyrå, Levekårsundersøkingar med fokus på m.a. økonomi, buforhold, arbeidsliv, helsetilstand

<sup>19</sup> Folkehelseinstituttet. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

<sup>20</sup> Telemarksforskning, Norsk Idrettsindeks – resultater for Vestland i 2017 (Sogn og Fjordane og Hordaland), TF-notat nr. 38/2018

høve til landsgjennomsnittet. Fylket ligg og over landsgjennomsnittet i deltaking i fotball, gymnastikk og turn, symjing, handball, anna ballsport, friidrett og kampsport. For ski, skøyter, motorsport, golf og tennis ligg fylket under landsgjennomsnittet.

#### *Aktuelle utfordringar:*

Visjonen “fysisk aktiv kvar dag” er rettesnor for all tilrettelegging og det utfordrar anleggseigarar og idrettslag å differensiere idrettstilbodet slik at flest mogleg vert med. Det er eit aukande fråfall blant ungdom frå frivillige organisasjonar. Fleire og yngre ungdom nyttar tilbod i kommersielle treningssentre og for mange kan dette vere ei økonomisk barriere<sup>21</sup>. Kroppspress er eit aukande problem, der særleg ungdom er utsette og det må vere eit mål å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom som eit av fleire tiltak som motvekt. Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet kan mellom anna gjerast gjennom innovativ bygging av nærmiljøanlegg, utlån av utstyr, tilbod om attraktiv treningstid og gode område for leik i tettstader og byrom.

## 2.3. Friluftsliv

Naturen er ein viktig arena for fysisk aktivitet. Grunnlaget for gode friluftsvanar vert skapt i ung alder. I barnehage og skule vil friluftsliv kunne fremje god trivsel og godt læringsmiljø i undervisninga. Nærturar i kvardagen stimulerer til utøving av friluftsliv i skogen, i fjellområde og ved kysten. Tilrettelegging for friluftsliv i form av turvegar, friluftsområde, merking og gradering av turløyper, overnatting, kart og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for deltaking. Barn i skulealder har ein gjennomsnittleg aksjonsradius på kring 200–300 meter og er avhengige av at tilbod finst i nærmiljøet. Areal for fysisk aktivitet for ungdom kan liggje lengre frå bustad, men føreset at anlegga gjev varierte og attraktive utfordringar. Friluftsliv er eitt av dei områda på kulturfeltet som har klart størst interesse blant innbyggjarane. Idrett ligg som nummer tre. Innbyggjarane oppgjer at idrettshall, treningsstudio og symjehall er blant dei seks viktigaste møteplassane og kulturtilboda i sentrum. 67 prosent meiner at tilgang til natur og friluftsområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Over 90 prosent av innbyggjarane meiner dei har god tilgang til dette<sup>22</sup>. Ni av ti nordmenn går på tur eller driv med andre former for friluftsliv ein eller fleire gonger i året. Det er ein liten nedgang i deltaking i ungdomsgruppa. Omtrent to tredjedelar, inkludert dei lite aktive, oppgjer turar i natur og nærmiljø som det dei kunne tenke seg å gjere meir av dersom dei skulle bli meir aktive<sup>23</sup>. Målingar frå SSB viser at i 25 av 58 kommunar i nye Vestland fylke har mellom 75-100 prosent av befolkninga trygg tilgang til naturterreng. Målinga deler inn i rekreasjonsareal, som er små grøntområde, og nærturterreng, som er større grøntområde knytt til tettstadar.

#### *Aktuelle utfordringar:*

Det er mellom 35 og 50 prosent som ikkje har trygg tilgang til desse to typar område<sup>24</sup>, og det bør vere eit mål å redusere den prosentdelen. Regionalt samarbeid om friluftsliv er viktig for å ivareta heilskapen i felles friluftsverdiar. Sikring og tilrettelegging av friluftsområde i

---

<sup>21</sup> Kulturdepartementet. Den norske idrettsmodellen. Meld.St. nr. 26 (2011–2012). Oslo: KUD, 2012.

<sup>22</sup> Folkehelseundersøkinga i Hordaland, 2018

<sup>23</sup> Rekreasjonsareal og nærturterreng, 2011. SSB.

<sup>24</sup> Folkehelseinstituttet. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

byar og tettstader vil såleis verte prioritert for å nå dei delane av befolkninga som er lite fysisk aktive og i liten grad deltek i friluftsliv. Alle sikra friluftsområde og startpunkt for turvegar bør oppgraderast med nødvendig tilrettelegging, t.d. parkering og universell utforming, for å auke bruken og redusere slitasjen på områda og bevare natur- og kulturminneverdiar.

Allemannsretten og friluftslova<sup>25</sup> er grunnleggande føresetnader for friluftslivet. Det er viktig å unngå planar eller dispensasjonar som kan øydelegge viktige innfallsportar til friluftareal og ferdsel i strandsona. Allemannsretten er ein rett for alle til å ferdest fritt i naturen på land og til sjøs. Vestland fylke har unike vilkår for flotte naturopplevingar og landskapsverdiar med fjell, brear, fjordar, skjergard, sjø og vassdrag. All tilrettelegging for friluftslivsaktivitet, skal vere naturvenleg og ta omsyn til miljø og biologisk mangfald. I heile Vestland fylke er det utfordrande å ta vare på desse kvalitetane, og å sikre område som skal vere allment tilgjengelege. På blant anna Byfjella i Bergen og områder i andre pressområder bør sikrast som natur- og friluftsområde, for å gje varierte naturopplevingar og for å hindre aktivitetar som kan øydeleggje for eit aktivt og nært friluftsliv.

## 2.4. Anleggsutvikling

Det er dei lokale aktivitetsbehova som avgjer kva for anlegg som skal byggast etter visjonen «fysisk aktiv kvar dag». Kommunane, i samhandling med idrettsråd, friluftsråd og turlag, må prioritere anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og desse må forankrast i kommunale planar, som gjev eit oversyn over anleggsbehova. Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland. Prioriterte målgrupper i gjeldande planar er barn (6–12 år) og ungdom (13–19 år). For barn er det viktig med anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller deira behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former. Ungdom treng i større grad anlegg som gjev utfordringar og variasjon, og som legg til rette for nyare og meir eigenorganiserte aktivitetar.

I Vestland fylke er det om lag 7104 aktivitetsanlegg<sup>26</sup>, frå små nærmiljøanlegg til store spesialanlegg – fordelt med 4540 i Hordaland og 2584 i Sogn og Fjordane. Vestland ligg litt over landsgjennomsnitt når det gjeld anleggdekning per innbyggjarar. Dersom anleggsdekninga vert sett i høve medlemmer i idrettsforbundet ligg fylka på landsgjennomsnitt. Innan ulike anleggstypar vil dette forholdet variere. Begge fylka har forholdsvis lang ventetid på tildeling av spelemidlar med mellom 3 og 4 års ventetid<sup>27</sup>. Den store mengda søknader viser store behov og investeringsvilje til å utvikle og rehabilitering anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ei god anleggsutvikling tek omsyn til demografi og levekårsutfordringar, aktivitetsprofil i befolkninga og anleggsstatus. Gjennom ei heilskapleg anleggsutvikling kan ein innby til aktivitetar med låg terskel, allsidig friluftsliv, nye idrettar og tradisjonell konkurranseidrett og toppidrett. Det må sikrast at bruken av anlegga vert etter intensjonen og at alle har reell tilgang til anlegg og treningstider. Bergen kommune er ein av fleire kommunar som arbeider systematisk med kartlegging av bruk og tilgang til anlegga, tilgjengelege hjelpemidlar/utstyr og retningslinjer for tildeling av treningstider.

---

<sup>25</sup> Friluftslova. Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16.

<sup>26</sup> Anleggsregisteret til kulturdepartementet

<sup>27</sup> Berekna frå første år med godkjent søknad



### **Nyskapande aktivitetsarenaer:**

Vestland fylkeskommune ønskjer at det vert lagt til rette for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg. Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov innan idrett, kultur og fritid, basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag. Såleis kan det bli lokalsamfunnet sin føretrekte samlingsstad som bygger på arkitektur av høg standard og er nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper (frå frivillig og offentleg sektor). Samla sett sikrar dette eit mangfald i brukarane sin høve til å velje kor og korleis dei skal vere fysisk aktiv og gje god synergi ved kontakt mellom ulike aktivitetar. Såleis vil ein kunne utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape adferdsending i befolkninga. Dette vil skape gode sosiale og bærekraftige møteplassar på desse arenaene.

### **Skuleområde:**

For å legge til rette for at alle barn og ungdom kan vere aktive 60 minutt kvar dag, er skulen den arenaen der ein når alle. Varierte og utfordrande uteområde og turløyper ved barnehagar og skular gjev gode vilkår for ein fysisk aktiv kvar dag. God symjeopplæring er avgjerande for at alle kan ta del i eit trygt friluftsliv i og ved vatn. Det å implementere fysisk aktivitet som ein del av skulekvardagen, legg eit godt grunnlag for livslang glede av fysisk aktivitet og førebygging av livsstilssjukdomar. Barn og ungdom kan finne nye vegar til inkludering gjennom aktivitet, noko som kan medverke til betre skulemiljø og mindre mobbing. Samlokalisering av ulike anlegg for organisert og eigenorganisert aktivitet knytt til skular vil vere prioritert i perioden. Gjennom prosjektet «teikn ditt skuleområde» i Sogn og Fjordane er det i fleire år jobba målretta for å utvikle uteområda rundt skulane. Dette er ein modell for samarbeid med brei medverknad der målet er å mobilisere lokalt gjennom kreative prosessar. Arbeidet har ført til betydeleg auke i søknader på nærmiljøanlegg og mange fornøgde brukarar. Hordaland har starta tilsvarande prosjekt i 2018, og det er ønskje om å vidareføre modellen i Vestland fylke. I Hordaland har det over mange år vore arbeid godt med å utvikle aktivitetsområder på skulane. Når det vert bygd og rehabilitert vidaregåande skular, er det viktig å legge til rette for ein aktiv skulekvardag, både med idrettshallar og attraktive uteområde. For at flest mogleg barn og ungdom skal kunne vere aktive, bør det vere gratis bruk av fylkeskommunale idrettsanlegg og aktivitetssalar på kveldstid og i helger.

### **Miljø/ klima:**

Klimaprofilar som vart utarbeidd for dei to fylka i 2017<sup>28</sup> viser kvar det er flest hendingar knytt til flaum, skred og naturskadar, og at det er venta ei auke i alle denne type hendingar. Klimakostanalysen<sup>29</sup> viser at klimafotavtrykket til kultur- og idrettsfeltet ligg lågt samanlikna med andre fylkeskommunale tenesteområder. Miljøomsyn må likevel ha stor vekt ved etablering og rehabilitering av anlegg. Anleggseigar må vere merksam på ROS analyse (m.a. flaum og ras) i kommunal planlegging med tanke på plassering og bygging av nye anlegg (t.d. materialval, energieffektivitet, naturinngrep m.m).

Miljødirektoratet har varsla<sup>30</sup> ei ny forskrift for å hindre utslepp av mikroplast frå kunstgrasbaner. Aktuelle tema er krav om fysiske barrierar rundt banene, god handtering av

---

<sup>28</sup> Norsk klimaservicesenter

<sup>29</sup> Asplan Viak, 2017

<sup>30</sup> Juli 2018

drens- og overvatn, filter i kummar m.m. Både i Hordaland og Sogn og Fjordane er det sett i gang fleire prosjekt som har som mål å avgrense spreiding av gummigranulat og redusere bruken av dette som innfyll. Det er sett i gang eit nasjonalt prosjekt, KG 2021, der NTNU, Norges Fotballforbund, Kulturdepartementet og Østfold, fylkeskommunane Akershus og Trøndelag deltek for å teste ut andre typar innfyll i kunstgrasbaner. Norge har utført ei pilotundersøking for Bergen kommune for å måle mengde gummigranulat og mikroplast på utanfor anlegget.

#### *Aktuelle utfordringar:*

Utviklingstrendar viser m.a. endra befolkingssamansetting, nye fritidsvanar (ad hoc deltaking), ulik deltaking i fritidsaktivitetar (store samfunnsgrupper er ikkje med), ulikskap i kjønn- og alder (færre jenter og ungdomar deltek), og avgrensa ressursar tilgjengeleg. Godt planlagde anlegg fungerer godt som sosiale møteplassar. Ungdom må få høve til å medverke i utforminga av anlegg. Personar med nedsett funksjonsevne og inaktive skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ønske og føresetnader.

Bruken av offentlege idrettsanlegg bør så langt som råd vere gratis for barn og ungdom. Anlegg med stort brukspotensial og som stimulerer til eit mangfald i aktivitetstilbod skal prioriterast. T.d. open hall gjev eit tilbod om eigenorganisert aktivitet på tvers av alder, kjønn, idrett og sosial bakgrunn. Vestland fylke ønskjer å vere eit føregangsfylke innan universell utforming ved å skape eit samfunn der alle vert inkludert i alle livsfasar. Universell utforming av anlegg og område for fysisk aktivitet skal sikrast gjennom brei brukarmedverknad<sup>31</sup>.

For å auke satsinga på utvikling av skuleområda og etablere nyskapande anleggsutvikling, vert det viktig å ha fokus på kompetanse og informasjon om dei ulike moglegheitene som finnast. Vestland fylkeskommune vil saman med Lokale og Anlægsfonden i Danmark og andre aktørar tilrettelegge for tiltak som kan støtte opp om dette arbeidet i kommunane. Målet er å få fram anlegg av utviklande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett, kultur og fritid. Det er mellom anna eit mål å få fleire søknader frå Vestland til Kulturdepartementet si tilskotsordning for nyskapande aktivitetsarenaer (forlenga til 2022).

Det er ønskjeleg å stimulere til ei berekraftig anleggsutvikling med fokus på klima- og miljøvenlege løysingar. Det må avklarast korleis anlegg som tek særskilt omsyn til dette skal prioriterast for spelemidlar. Særleg aktuelt er utfordringa med gummigranulat i samband med planlegging av nye kunstgrasbaner. Køyning til aktivitetar er utfordrande, både med tanke på inaktivitet og miljø. Felles transport kan vere ei løysing i mange tilfelle. Det er viktig å legge til rette for trygge gang- og sykkelveggar til og frå heim, skule, idrett- og friluftslivsanlegg.

## 2.5. Nærmiljøanlegg

**Nærmiljøanlegg** er utandørs anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, lokalisert i tilknytning til bu- og/eller aktivitetsområder. Nærmiljøanlegget skal vere fritt, allment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, først og fremst for barn og ungdom (6- 19 år), men også for

---

<sup>31</sup> Hordaland fylkeskommune. Deltaking for alle – universell utforming. Fylkesdelplan 2006–2009. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2006.

lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert fysisk aktivitet skal ha førsteprioritet.<sup>32</sup>

Nærmiljøanlegg er viktige i høve til å utvikle gode sosiale møteplassar. På basis av behovsanalyse bør det utviklast nærmiljøanlegg som legg til rette for fleirbruk, t.d. skatepark, turløype, hinderløype og utandørs treningsapparat. Ballbingen er kanskje den mest kjende anleggstypen av nærmiljøanlegga der barn og ungdom kan drive med allsidig eigenorganisert aktivitet. God drift og vedlikehald er avgjerande for at nærmiljøanlegg skal tole stor og variert bruk

#### *Aktuelle utfordringar:*

Nærmiljøanlegg er lokale møteplassar for fysisk aktivitet. Ved etablering og rehabilitering av slike anlegg, bør anleggseigarane vere merksam på både plassering av anlegget, val av materiale, estetikk og omsyn til støy for omgjevnadane. Plan og bygningslova skal vere rettleiande i så måte. Det er eit nasjonalt mål at alle som bur i by eller tettbygd strøk bør ha maksimum 500 meter til ei turløype. For å auke bruken av eksisterande løyper bør desse lyssetjast. I Vestland fylke er det få kombinasjonsanlegg som ein m.a. kan bruke til trygg aktivitet på rullski og sykkel. Trygge, attraktive og samanhengande gang- og sykkelveggar frå bustad til skule og arbeid aukar kvardagsaktiviteten.

## 2.6. Ordinære anlegg

**Ordinære anlegg** er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet.

I omtalen av enkelte utvalde anleggstypar har vi sett på aktuelle utfordringar som om at anlegga er kostnadskrevjande, kan vere ei miljømessig belastning eller er arealkrevjande. I tillegg der det vurdert om anlegga har kapasitet til å arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap.

#### **Idrettshallar:**

Idrettshallar gjev varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitet. Hallidrettar som handball, turn og andre ballidrettar opptek mykje av brukstida. Tre kommunar i Vestland har ikkje idrettshall; Samnanger, Masfjorden og Gulen. I byar og mange tettstader er kapasiteten i hallane sterkt pressa i vekedagane. Toppidrettsutøvarar kan ha behov for tilgang på anlegg når dei er stengde for allmenn bruk, t.d. tidleg om morgonen og på fridagar. I større kommunar kan det vere føremålstenleg at det vert bygd idrettshallar med aktivitetsflate på 25m x 45m, då denne storleiken gjev størst høve for variert aktivitet. I kommunar, som primært byggjer for lovpålagt kroppsøving og som ikkje har særiddrettar som krev stor hallkapasitet kan det vere meir føremålstenleg og økonomisk å bygge mindre hallar (aktivitetssal eller basketballanlegg). For å sikre ei god ressursutnytting, bør nye idrettshallar plasserast sentralt og vere knytt til skular. Basishall er ein arena der fleire idrettar kan drive grunn trening, og bør byggast i tilknytning til idrettshallar og/eller i tilknytning til skular. Enkelte idretter som turn og kampsport har trong for særleg tilrettelagte lokale. Det er behov for ein

---

<sup>32</sup> «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» (V-0732, pkt. 2.1 og 3.1) KUD, 2018

byarena for innandørsidrettar. Bergen kommune vil i planperioden arbeide for å lokalisere tomt til føremålet, gjennomføre nødvendige reguleringsmessige tiltak og vurdere erverv av areal.

### **Symjebasseng:**

Det er store kostnader knytt til bygging, drift og vedlikehald av symjebasseng. I 2018 var det 151 bad- og symjeanlegg i Vestland. Behov for bad- og symjeanlegg må særskilt vurderast ut frå det lovpålagde kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær symjeopplæring/livbergingskunnskap kombinert med idretten sine behov. Fleire kommunar har ikkje basseng for å kunne gjennomføre symjekonkurransar (25 m basseng), men kan ha opptil fleire opplæringsbasseng for lovpålagt symjeopplæring/livbergingskunnskap. Det er viktig å få til ein god sambruk mellom opplæringsføremål og publikumsbading, og trenings- og konkurransar. Erfaring tilseier at det ved rehabilitering av basseng må det vurderast i eit kost/nytte perspektiv om det er meir økonomisk forsvarleg å bygge nytt. Eksisterande anlegg skal haldast opne minimum 9 månadar i året. Hyllestad kommune har ikkje symjehall. AdO-arena i Bergen kommune er eit hovudanlegg for symjing og stup, og er vertskap for nasjonale og internasjonale arrangement kvart år.

### **Is- og skøyteanlegg:**

Det er 9 is- og skøyteanlegg i Vestland. Det er to ishallar - Bergenshallen og Iskanten (med curlinghall) og ein under bygging (Arena Nord). Utandørs isbaner finst i Bergen, på Stord og i Lærdal. Det er ønskeleg å vidareutvikle Slåtthaug Idrettspark i Bergen, Vikahaugane på Stord, og Lærdal skøytebane slik at dei vert meir attraktive og tilrettelagte anlegg for ulike skøyteidrettar og for eigenorganisert aktivitet.

### **Fotballanlegg:**

I Vestland er det 443 fotballanlegg fordelt på naturgras, kunstgras, grus og innandørs fotballhallar. I kommunane Aurland, Ulvik og Eidfjord er det ikkje kunstgrasanlegg. Kunstgrasbaner er mange stader heilårsanlegg som er mykje i bruk og krev god drift og vedlikehald. I planperioden vil det verte eit stort behov for rehabilitering av kunstgrasbaner. Det er per i dag ingen forskrifter som regulerer bruk av granulat eller anna ifyll i kunstgrasbaner eller dekke til nærmiljøanlegg. Klima- og miljødepartementet v/Miljødirektoratet arbeider med dette og det kan komme ei forskrift. Nye kunstgrasbaner må ha gode system for oppsamling av granulat. Det er fleire pilotanlegg som testar ut ulike typar fyllmateriale og tiltak for å minske spreining av granulat i ulike kommunar i Vestland. Det vert også utarbeid eit betre kunnskapsgrunnlag i samarbeid med ulike FoU miljø. Ei annan utfordring er at naturgrasbaner i tillegg til å vere fotballanlegg ofte også er anlegg for kastøvingar som spyd, diskos og slegge i friidrett. Ved omlegging frå naturgras til kunstgras pliktar anleggseigar å søkje godkjenning av bruksendring hjå Kulturdepartementet.

### **Golf:**

I 2018 er det 24 golfanlegg i Vestland, tre av desse er 18-hols golfbaner: i Meland, på Sveio og i Bergen. Golfanlegg er arealkrevjande. Eigna areal for golf er ofte attraktivt for landbruk og friluftsliv. I tillegg kan aktuelle areal innehalde verneverdige element som mellom anna kulturminne og biologisk mangfald.

### **Motorsport:**

I Vestland er det 17 anlegg for motorsport. Eikås motorsenter er det største motorsportsenteret der store meisterskap som NM kan arrangerast. På Bømlo og Stord er det regionale anlegg som kan vere vertskap for nasjonale stemne. Anlegga i Førde og Florø er under utvikling og kan med siste oppgraderingar gjennomføre NM i ulike motorsportgreiner.

Utvikling av lokale/interkommunale motorsportsanlegg vil vere positivt for å kunne gje eit breiast mogleg aktivitetstilbod til ungdom. Motorsportsanlegg er ei miljømessig belastning knytt til støy og forureining. Det er arealkrevjande for anleggseigarar å etablere.

### **Friidrett:**

Det er 155 friidrettsanlegg i Vestland. Av desse er 48 med kunststoffdekke, anten små delanlegg eller fullverdige 400-meters baner. På Fana stadion i Bergen skal det arrangerast NM i friidrett i 2020 og EM for under 23 år i 2021, og anlegget vert i den samanheng vidareutvikla. På Byrkjelo stadion i Gloppen kommune og på Ravnanger idrettspark i Askøy kommune har det vore arrangert NM ved fleire høve. «Friplassen» er eit konsept som kan nyttast til allsidig aktivitet som t.d. friidrett, turn, innebandy og klatring, og høver godt som eit delanlegg knytt til anleggsparkar. «FriFot» er eit kombinasjonsanlegg for fotball og friidrett, med 7ar bane og 200 meter rundløpsbane, lengdegrop og anlegg for kulekast. Dette har Norges Fotballforbund og Norges Friidrettsforbund utvikla saman. Naturgrasbaner er i tillegg til å vere fotballanlegg ofte også er anlegg for kastøvingar som spyd, diskos og slegge i friidrett. Ved omlegging av naturgras til kunstgras pliktar anleggseigarar å søkje godkjenning av bruksendring hos Kulturdepartementet.

### **Ski:**

Vestland har gode anlegg både for langrenn, alpint, hopp og fristiløvingar. Totalt er det 180 ski- og alpinanlegg. Voss kommune har vore vertskap for fleire nasjonale og internasjonale meisterskap dei seinare åra, og har utvikla Vestland sine største anlegg innanfor skisport i Myrkdalen, i Bavallen og på Skutle-/ Herresåsen. Anlegga i Vik, Stryn og Jølster har vore vertskap for NM i både nordiske greiner, NM i skiskyting, NM i rulleski og jr. NM alpint. Langeland ski og fritidssenter i Gaular kommune og Kvamskogen i Kvam herad, er populære utfartsområde for langrenn, og turlangrenn med brukarar frå fleire kommunar. Med eit klima som er i endring bør ein ved nyetablering og rehabilitering av skianlegg vere merksam på korleis ein kan vente at snøtilhøva vert i framtida. Skianlegg med snøproduksjon er ei ønska utvikling i tillegg til rehabilitering av anlegg framom kostnads-krevjande nyetableringar for alpinsport.

### **Skyting:**

Det er 364 innandørs og utandørs skyttaranlegg i Vestland. Desse anlegga gir eit godt tilbod til innbyggjarane i fylket på tvers av alder og kjønn. Utandørs skyteanlegg krev store areal og kan vere krevjande i høve til støy og miljø både ved etablering og rehabilitering. Førde skyttarstadion og Skytebana på Skjerve på Voss er vertskap for Landskyttarstemnet vekselvis kvart 5 år, og må ha høve til å vidareutvikle anlegga slik at dei kan vere vertskap for store nasjonale og internasjonale arrangement. Voss skyttarlag skal vere vertskap i 2022.

### **Vannsportanlegg:**

Det er 48 vannsportanlegg i 18 kommunar. I begge fylke er det fem anlegg som kan arrangere nasjonale eller internasjonale meisterskap: Bergen Seilforening i Kviturspolden i Fana, RAN Seilforening i Angelvik på Lille Sotra og Askøy Seilforening i Kollevågen på Askøy, Florø Seglsportforening og Måløy seglsportforening. Ved større arrangement som NM treng anlegga tilleggsareal, og her er Hordaland Seilkrets opptekne av gode avtalar om sambruk i dei ulike kommunane. Alle dei 14 anlegga i fylket er opne for alle og vert m.a. nytta til både fiske og bading.

### **Friluftsliv:**

Det er 910 anlegg i 59 kommunar. Fleire friluftslivsanlegg arrangerar meisterskap som motbakkeløp. Under ordinære anlegg kan ein få tilskot til følgjande: Anlegg for turpadling, dagsturhytter, gapahuk, lager-/garasjebygg, sanitæranlegg, turkart, turveggar, turstiar og tur-/skiløyper, utandørs stupetårn og Via Ferrata. Det vert lagt vekt på at anlegga i størst mogeleg grad skal kunne brukast heile året.

### **Toppidrettsanlegg:**

Toppidretten har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling. For at unge, lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Vestland skal kunne vere vertskap for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap, må det byggast store og særiddrettsstilpassa anlegg med regional og nasjonal verdi.

### **Interkommunale anlegg:**

Ved etablering av større, kostnadskrevjande anlegg kan fleire kommunar gå saman om å byggje og drifte interkommunale anlegg. Dette vil gje ei auke i spelemiddeltilskot på 30 %. Følgjande anlegg i Vestland fylke har denne statusen per juni 2019;

- Langeland ski- og fritidssenter i Gaular kommune (rulleskianlegg)
- Fotballhall i Flora kommune
- Fotballhall i Jølster kommune
- Konkurranserbasseng i Førde kommune
- Treningsbasseng i Vågsøy kommune
- Basishall for turn i Vågsøy kommune
- Hardangerbadet i Kvam kommune

## **2.7. Finansieringsmodell**

Dei fleste anlegg for fysisk aktivitet, idrett og/eller friluftsliv, er delfinansiert frå spelemiddelordninga. På landsbasis er t.d. bad- og symjeanlegg finansiert med 17 % og idrettshallar finansiert med 18% spelemidlar og mindre utandørsanlegg med 37 % frå ordninga. Restfinansieringa av slike anlegg vert enten finansiert ved hjelp av dugnad, bruk av eigenkapital eller t.d. pengegåver frå private, stiftingar eller kommunale og/eller fylkeskommunale tilskot.

### **Aktuelle utfordringar:**

Ein del utbyggerar skaffar seg gode sponsorar/støttespelarar som kan bidra til å realisere utbyggingane. Andre slit for å finne støttespelarar som kan bidra økonomisk. Eit døme frå Sogn og Fjordane er samarbeidet mellom fylkeskommunen og Sparebankstiftinga Sogn og

Fjordane, der fylkeskommunen utfører ei samla kartlegging og behovsvurdering for utvalte anleggstypar, som t.d. rehabilitering av ballbingar, klatreparkar, dagsturhytter og filter i kummar for å avgrense spreining av gummigranulat. Sparebankstiftinga set så av midlar til å støtte opp om etablering, rehabilitering, e.l. og samarbeidet har forenkla dokumentasjonskrav for lag og organisasjonar. Tilbakemeldingar frå både stiftinga, idrettslag og kommunar om denne systematiske måten å arbeide med anleggsutvikling og finansiering er svært gode. Det vert mindre byråkrati, rammevilkåra til både kommunar og frivillig sektor vert betra og det vert tidseffektivt for alle partar.

## 2.8. Planarbeid og kompetanse

Planarbeid på ulike nivå er avgjerande for å sikre areal, infrastruktur og anlegg som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet.<sup>33</sup> Kunnskap og kompetanse er viktig for å kunne planlegge, bygge og drifte anlegg tilpassa trendar og behova til innbyggjarane. I ordinære planprosessar, gjennom konferansar, samlingar og synfaringar vert det delt erfaringar og skapt nettverk. Dette som gjev eit godt grunnlag for vidare samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor, for å legge til rette for ein aktiv kvardag i Vestland.

### *Aktuelle utfordringar:*

Hovudfokus er å skape gode aktivitetsvanar for barn og ungdom. Den einskilde har ulike ønskje og føresetnader for å vere aktiv. Tilhøvet mellom organisert aktivitet, eigenorganisert fysisk aktivitet og kommersielle interesser er endra. Desse endringane må takast omsyn til i planlegging og utvikling av aktivitetstilbod og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er avgjerande for å kunne møte morgondagens utfordringar. Gjennom samhandling mellom høgskule, universitet, helseføretak, kommunar, fylkeskommunen, staten og dei frivillige organisasjonane kan ein skape ny kompetanse gjennom relevant FoU arbeid, studietilbod/kurs og praksis. Campus Sogndal og Idretts-campus Bergen er særskilt aktuelle som faglege ressursar.

Det bør leggast stor vekt på behovsvurderingar knytt til anleggsutvikling<sup>34</sup>. Det er ofte lite kunnskap om kven som brukar dei ulike anlegga, og det er ønskjeleg å utvikle kunnskapsgrunnlaget kring dette, t.d. etter modell frå Idrættens analyseinstitutt i Danmark. Idretts- og friluftslivorganisasjonane bør vere ein formell høyrings- og samarbeidspart både lokalt og regionalt. Alle kommunar med meir enn tre idrettslag skal ha idrettsråd, som skal målbera idretten sine ønskje og behov lokalt. Planprosessar må også inkludere spørjeundersøking på skular, ungdomsråda, idrettsråda, eldreråda og råda for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunane.

For å sikre at prioritering av spelemidlar til kommunane vert gjort på best mogleg grunnlag, er det eit krav frå Kulturdepartementet<sup>35</sup> at kommunane må ha gjeldande planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Drift og vedlikehald av anlegga skal vere ein del av denne planen. Det er ulike modellar for drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg i kommunane i Vestland fylke. Det er krav om ein realistisk langsiktig driftsplan for at anlegget skal tilfredstille funksjonskrav i minimum 10 år, og for at ein kan søke spelemidlar til

---

<sup>33</sup> Plan og bygningslova. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71.

<sup>34</sup> «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018» (V-0732) KUD, 2018

<sup>35</sup> «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018» (V-0732, pkt. 3.3.4) KUD, 2018.

rehabilitering av anlegget. Planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal samordnast med andre kommunale planar for å sikre ei heilskapleg planlegging i kommunen.

Hovudutfordringane innan fagfeltet bør vere forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. I tillegg er det spesielt viktig at arealbehova for idrett og friluftsliv vert sikra i kommuneplanen sin arealdel og at dei vedtekne tiltaka vert følgt opp i handlingsdelen og i økonomiplanen.

### 3. Visjon og mål for anleggsutviklinga

Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er «Fysisk Aktiv Kvar Dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Anleggsutviklinga skal bidra til å skape attraktive lokalsamfunn.

Delmål for anlegg:

1. Eit variert tilbod av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø.
2. Eit variert tilbod av anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar.
3. Utvikle anlegg som tilfredsstillir særiddrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap.

#### 3.1. Prinsipp for fylkeskommunen si rolle

Som innovativ samfunnsutviklar vil fylkeskommunen:

- Ta ei tydeleg rolle i kompetanse-/utviklingsarbeid overfor dei som ønskjer å bygge anlegg.
- Ta ei tydeleg rolle i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, god behovsvurdering og medverknad, samt tverrfagleg involvering frå ulike fagfelt og ulike brukarar.
- Initiere planprosessar eller aktivt gå inn i utviklingsprosessar for ei anleggsutvikling som står i forhold til folkehelseutfordringar, aktivitetsprofil i befolkninga, demografi og idretten sine behov slik at ein byggjer dei «riktige anlegga».

### 4. Verkemiddel i anleggsutviklinga

#### 4.1 Handlingsprogram for tiltak 2020-2024

I handlingsprogram for tiltak 2020-2024 er det ulike tiltak som skal bidra til å realisere visjon og mål som er sett for anleggsutviklinga for Vestland fylkeskommune.

I tillegg er det andre sektorar i fylkeskommunen som har verkemiddel i høve til utvikling og bygging av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, t.d. opplæring, samferdsel, folkehelse, reiseliv og plan. Ei tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning.



## 4.2. Bruk av spelemidlar i perioden 2020-2024

Vestland fylkeskommune får årleg tildelt ein samla sum spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv frå Kulturdepartementet, og skal prioritere tildeling til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg.<sup>36</sup> I planperioden vil fordelinga vere slik:

- Om lag 15 % av årleg tildelt ramme vert nytta til nærmiljøanlegg.
- Om lag 85 % av årleg tildelt ramme vert nytta til ordinære anlegg.

## 4.3. Spelemiddeltildeling i 2020-2021

Det vert ei overgangsordning i 2020 og 2021 der spelemidlane i Vestland fylkeskommune vert fordelt med om lag 32,5% av ramma til tidlegare Sogn og Fjordane og om lag 67,5 % av ramma til tidlegare Hordaland. Fordelingsnøkkelen skal sjåast i samanheng med den nasjonale tildelingsnøkkelen til Kulturdepartementet.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane har idrettsanlegg med gjentekne søknadar (påbyrja tildeling) som ikkje er avslutta ved inngang til Vestland fylkeskommune. Desse tildelingane vert avslutta i 2020 og 2021.

Tildeling til andre søknader i 2020 og 2021 vil skje innan fordelingsnøkkelen og følgje dei fylkeskommunale kriterier for fordeling av spelemidlar (pkt. 4.6). Framlegg til politisk behandling vert lagt fram som ei felles sak til Utval for kultur, idrett og integrering.

I 2020 skal det vurderast å opprette eit regionalt program for Vestland fylkeskommune for basseng og idrettshallar (inklusiv spesialhallar) for perioden 2022-2024. Programmet vil eventuelt vere ein del av eksisterande spelemiddelordning.

## 4.4. Anleggspolitisk handlingsrom fylkeskommunen

Ut i frå føresegnene om tilskot til idrett og fysisk aktivitet kan fylkeskommunen bestemme:

- Kva søknader som får status godkjent (oppfyller krava i føresegnene)
- Kva søknader som skal bli prioritert ved tildeling
- Kva anlegg-/anleggstypar som kan få kortare ventetid enn andre
- Kva saksbehandlingsprosess og kven som skal medverke i fordelinga av spelemidlar
- Fylkeskommunen kan ikkje lukke ute godkjente anleggstypar eller søknader.

## 4.5. Statlege føringar for den fylkeskommunale tildelinga

Dei statlege føringane for ordninga vert lagt til grunn ved handsaming og gir følgjande føringar for den fylkeskommunale fordelinga;

---

<sup>36</sup> Ordinære anlegg er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg er anlegg utandørs for eigenorganisert fysisk aktivitet, fyrst og fremst for barn og ungdom (6-19 år). Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert fysisk aktivitet skal ha førsteprioritet.

1. Søknader som har fått tidlegare tildeling (gjentekne søknader) skal tildelast resterande beløp
2. Anlegg særskild tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne skal prioriterast
3. Om oppdeling av tilskot:
  - a. For søknader med godkjend søknadssum lik eller under kr 1 000 000 (ekskl. særlege stønadssatsar), skal ikkje delast.
  - b. Søknader med godkjend søknadssum over kr 1 000 000 kan få tilskot fordelt over to år, med ein halvdel kvart år.
  - c. Søknader med godkjend søknadssum lik eller over kr 6 000 000,- kan få tilskotet fordelt over tre år med ein tredjedel kvart år.
  - d. Ved betydeleg høgare godkjend søknadssum enn i pkt. 4 kan tilskotet bli fordelt over 4 år etter avtale med Kulturdepartementet.
4. Søknader som ikkje vert tildelt midlar i år kan søkje på nytt, og bli vurdert ved neste års fordeling på line med andre søknader.
5. Det er berre prosjekt som inngår i vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som kan søke. (Gjeld ikkje nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr 600 000, men det vert tilrådd at også mindre nærmiljøanlegg vert omtalt i ein kommunal plan.)
6. Anlegget skal vere ein del av oversendingsbrev med oversikt over prioritering av alle søknadane sendt frå kommunane til fylkeskommunen.

## 4.6. Fylkeskommunale kriterier for fordeling av spelemidlar

Vestland fylkeskommune legg følgjande kriterier til grunn for fordeling av spelemidlar:

1. Fylket tek utgangspunkt i dei kommunale prioriteringslistene ved tildeling. Dette betyr at ein i all hovudsak følgjer den prioriteringa kommunane har gjort, men kan gjere endringar dersom det er grunnlag for det (som t.d. at eit ordinært anlegg er prioritert høgt allereie fyrste søknadsår).
2. Alle kommunar som søker skal få tildeling til minimum eitt nærmiljøanlegg
3. Friluftslivsplanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar i løpet av dei to første godkjende søknadsåra.
4. Fordeling til kommunane skjer på bakgrunn av vekting av godkjent søknadssum og folketal.
5. For å utjamne ventetida på spelemidlar mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjend søknad i tre år før første tildeling (gjeld ikkje friluftsliv, som kan få tildeling første/andre søknadsår).

## 5. Handlingsprogram for tiltak i Vestland fylkeskommune 2020-2024

Tiltaka skal bidra til å realisere visjonen *Fysisk Aktiv Kvar Dag* og målet om at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Tiltaka er ei samanstilling av handlingsprogram knytt til gjeldane regionale kulturplanar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Delmål:

1. Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø
2. Anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar
3. Utvikle anlegg som tilfredsstillir særvidretslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap

Tiltak 1	Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet
Ansvar	Kommunane/ VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering og Stabsavd. for strategisk utvikling og digitalisering
Aktuelle partnerar	Aktuelle partnerar: Frivillige organisasjonar/friluftsråda og Fylkesmannen
Tiltak 2	Alle kommunar skal utarbeide og følgje opp plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
Ansvar	Kommunane
Aktuelle partnerar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering, frivillige organisasjonar/friluftsråda, ulike råd i kommunane (ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne)
Merknad	Fylkeskommunen tilbyr revisjonsmøter med tverrsektoriell involvering
Tiltak 3	Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Vestland fylke. I 2020 vert det vurdert å utarbeide eit regionalt program for basseng og idrettshallar (inkludativ spesialhallar) for perioden 2022-2024.
Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnerar	Kommunane, Vestland Idrettskrets og Forum for Natur og Friluftsliv Vestland
Tiltak 4	Investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap
Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnerar	Kommunane, Vestland idrettskrets/ særforbunda
Merknad	Eiga tilskotsordning med fylkeskommunale investeringsmidlar

Tiltak 5	Investeringstilskot til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall i Vestland fylke
Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnarar	Kommunane, Vestland idrettskrets
Merknad	3 kommunar i nye Vestland fylke har ikkje idrettshall; Gulen, Samnanger og Masfjorden. Hyllestad kommune i nye Vestland fylke har ikkje symjehall.
Tiltak 6	Kartlegge opningstider og utleigeprisar i offentlege idrettsanlegg finansierte av statlege spelemidlar
Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering/avd. for opplæring og kompetanse, kommunane
Aktuelle partnarar	Vestland idrettskrets
Merknad	Må sjåast i samanheng med Norges Idrettsforbund sin anleggspolitikk 2019- 2024 der det er forslaga om at <i>NIF skal sammen med særforbundene kartlegge idrettslagenes kostnader ved bruk av idrettsanlegg</i>
Tiltak 7	Utvikle attraktive skuleområde for fysisk aktivitet på barne- og ungdomsskular
Ansvar	Kommunane, VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnarar	Vestland idrettskrets, ulike lag og organisasjonar
Merknad	Tiltaket har sær gode resultat å vise til i Sogn og Fjordane og er i 2018 starta opp i Hordaland
Tiltak 8	Vidareføre dagsturhytteprosjektet til alle kommunane i Vestland
Ansvar	Kommunane, VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnarar	Privat og frivillig sektor
Merknad	Alle kommunane i Sogn og Fjordane har etablert ei (eller fleire) dagsturhytter finansierte ved eit spleiselag mellom kommunane (grunnarbeidet), Sparebanken Sogn og Fjordane og spelemidlar.
Tiltak 9	Skape meir miljøvenlege kunstgrasbaner ved kompetanseutvikling, utprøving av nye materiale og betre tilrettelegging for avrenning frå anlegga.
Ansvar	Kommunane, VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnarar	NTNU, Miljødirektoratet, Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, Vestlandsforskning, Norce, NVE, NFF/fotballkretsane, fylkeskommunane Akershus, Østfold og Trøndelag m.fl.
Merknad	Bidreg inn i nasjonalt utviklingsprosjekt og utprøving av ulike modellar i kommunar i Vestland. Sett i samanheng av utvikling av plaststrategi for Vestlandsrådet. Samarbeidsmodell i Sogn og Fjordane med fylke, idretten og private aktørar med tiltak for å hindre avrenning frå anlegga.
Tiltak 10	Utvikle og tilgjengeleggjere fagkompetanse innan fysisk aktivitet og anleggsutvikling

Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering, HVL, UiB, Helse Bergen
Aktuelle partnerar	Kulturdepartementet, kommunane og frivillige organisasjonar, Campus Sogndal og Idrettscampus Bergen
Merknad	Fylkeskommunen har FoU midlar og analysekompetanse
<b>Tiltak 11</b>	<b>Auka kompetanse, nettverk og inspirasjon til etablering og drift av anlegg gjennom konferansar, kurs, synfaringar og rettleiing</b>
Ansvar	Kommunane/ VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnerar	Frivillige organisasjonar, Kulturdepartementet
Merknad	I 2019 vart det gjennomført ein felles Anleggskonferanse i samarbeid med idrettskretsane i dei to fylka.
<b>Tiltak 12</b>	<b>Anleggsregisteret må vere oppdatert for å få utbetalt spelmidlar. Synfaring på anlegg som har fått tildelt spelemidlar som grunnlag for rapport om bruk og vedlikehald.</b>
Ansvar	Kommunane, VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnerar	Vestland idrettskrets, særforbund/særkretsar, friluftsgeselskap
Merknad	Samordna med idretten sin anleggsoppfølging
<b>Tiltak 13</b>	<b>Friluftslivets ferdselsårer</b>
Ansvar	Kommunane, VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnerar	Ulike avd. i VFK, Fylkesmannen, friluftsråda, FNF og turlaga
Merknad	Nasjonalt prosjekt 2019-2023 – ei vidareføring av kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunane og nasjonalt turskiltprosjekt. Tildeling av midlar må samordnast med tildeling av spelemidlar.
<b>Tiltak 14</b>	<b>Sikring, opparbeiding og drifting av friluftsområder i nærleiken av bustadsområde i tettstadar og byar</b>
Ansvar	Kommunane og friluftsråda
Aktuelle partnerar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Merknad	Tildeling av statlege midlar tilrettelegging i statleg sikra område må samordnast med tildeling av spelemidlar. Tiltak som kan få støtte må vere del av ein godkjent forvaltningsplan.
<b>Tiltak 15</b>	<b>Utvikle forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområder i Vestland</b>
Ansvar	Kommunane og friluftsråda
Aktuelle partnerar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Merknad	Eit krav for å kunne søke om statlege midlar til tilrettelegging i statleg sikra friluftsområder

Tiltak 16	Nyskapande aktivitetsarenaer
Ansvar	VFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering
Aktuelle partnarar	Kommunane, Lokale og Anlægsfonden, Vestland idrettskrets/ Norges idrettsforbund/ særforbunda, Kulturdepartementet, Høgskulen på Vestlandet, UiB, private aktørar
Merknad	Eiga tilskotsordning med midlar til prosjektering og investering

## 6. Litteratur/ referanser

ANLEGGREGISTERET til Kulturdepartementet

FOLKEHELSELOVA. Lov om folkehelsearbeid av 24. juni. 2011 nr. 29.

FOLKEHELSEINSTITUTTET. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

FRILUFTSLOVA. Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16.

Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss: Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet (2017)

HELSEDIREKTORATET: Kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet. 2014

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET. Folkehelsemeldingen: God helse – felles ansvar. Meld. St. 34

(2012–2013). Oslo: 2013.

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET, St.meld. nr. 20 (2006–2007). Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller. Oslo: 2007

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET, Folkehelsemeldingen - Gode liv i eit trygt samfunn, Meld. St. 19 (2018-2019). Oslo 2019

HORDALAND FYLKESKOMMUNE. Regional plan for folkehelse. Fleire gode leveår for alle 2014–2025. Bergen: 2014.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE. Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013, kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014–2024. Aud rapport 10-13. Bergen: 2013.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE. Regional plan for folkehelse. Fleire gode leveår for alle 2014–2025. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2014.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE og SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE. Vestland statistikk og utviklingstrekk 2019

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET, Meld. St. 18 (2015–2016), Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet, Oslo: 2016

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET, Handlingsplan for friluftsliv, OSLO: 2018

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET. Ny inndeling av regionalt folkevald nivå. Prop. 84 S (2016-17)

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET. Meld. St. 6 (2018–2019) Oppgaver til nye regioner

KULTURDEPARTEMENTET. «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018» (V-0732). Oslo: 2018

KULTURDEPARTEMENTET. Kultur, inkludering og deltaking. St.meld. nr. 10 (2011–2012). Oslo: 2011.

KULTURDEPARTEMENTET. Den norske idrettsmodellen. Meld. St. nr. 26 (2011–2012). Oslo: 2012.

MILJØVERNDEPARTEMENTET. «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging - i medhold av § 6-1 i plan- og bygningsloven. T-1497» Oslo: 2011.

PENGESPELLOVA. Lov om pengespill mv. av 28. august 1992 nr. 103.

PLAN OG BYGNINGSLOVA. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71.

NORSK MONITOR. Ulike undersøkingar om treningsvanar.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE. Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE. Regional plan for folkehelse i Sogn og Fjordane 2015-2025.

STATISTISK SENTRALBYRÅ. Levekårsundersøkingar, «utvikling i inntektsulikhet» og tilgang på rekreasjonsareal og nærturterreng. 2018

STATSBUDSJETTET 2019, Helse- og Omsorgsdepartementet, Prop. 1 S, (2018–2019)

TELEMARKSFORSKNING, Norsk Idrettsinndeks – resultater for Vestland i 2017 (Sogn og Fjordane og Hordaland), TF-notat nr. 38/2018

VELDERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOVA. Ungdata-undersøkingar er ei nasjonal undersøking som sidan 2010 er gjennomført blant ungdom i 412 kommunar i Noreg.

[www.ungdata.no](http://www.ungdata.no)

---